

ÅRSMELDING for LYE FORSAMLINGSSTYRE 2014

(med vedlegg frå undergruppene)



Helsing og innleiing

Lye Forsamlingsstyre vil takka alle våre medarbeidarar for eit godt år i 2014. Saman med alle frivillige og tilsette på Lye forsamlingshus arbeider Lye forsamlingsstyre mot den visjonen vi har sett: «Vi ønskjer at alle på Lye må bli betre kjende med Jesus Kristus.» Styret helsar alle med desse orda frå Bibelen: «Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag.» (Fil. 1,6)

Forsamlingsstyret er styre for alt fellesarbeid på Lye Forsamlingshus. Fellesarbeidet omfattar barnarbeid, ungdomsarbeid og vaksenarbeid, og er noko alle eigarane har del i. Mange legg ned ein stor innsats i dette arbeidet, og styret vil rette ei stor takk til alle som har deltatt i dei ulike arbeidsgreinene og tenestegruppene dette året!

Samansetninga av styret:

Forsamlingsstyret fram til årsmøtet 2014:

Arne Heggheim	leiar
Eivind Stene	nestleiar
Olaug Bjelland	styremedlem
Astrid Tjemsland	sekretær
Knut Jarle Hjørnevik	styremedlem

Forsamlingsstyret frå årsmøtet 2014:

Arne Heggheim	leiar
Eivind Stene	nestleiar
Olaug Bjelland	styremedlem
Knut Jarle Hjørnevik	styremedlem

I tillegg møter forsamlingsprest Gunnar Frøyland og daglig leiar Sigurd Idland (som er sekretær) i forsamlingsstyret. Ungdomsarbeidaren (Mariann Espeland skuleåret 2013/14 og Helge Ask skuleåret 2014/15) har òg møterett, og møter når det er saker som gjeld ungdomsarbeidet.

Forsamlingsstyret si oppgåve er å tene og leie forsamlinga. Overordna mål for arbeidet er å legge til rette for at visjonen skal bli nådd.

Forsamlingsstyret har i 2014 hatt 11 ordinære styremøte og behandla 70 saker. I tillegg har det vore eitt fellesmøte mellom forsamlingsstyret, husstyret og Time sokneråd.

Tilsette

Forsamlingsstyret lønner stillingar gjennom givarteneste. I 2014 har dette vore:

- 1.1.14-31.7.14:
 - Ungdomsarbeidar Mariann Espeland 50 %
 - Administrativ medarbeidar Sigurd Idland 60 %
- 1.8.14-31.12.14:
 - Ungdomsarbeidar Helge Ask 50 %
 - Daglig leiar/forsamlingsutviklar Sigurd Idland 100 %

Gudstenester og søndagsskule

Gudstenester annankvar søndag er hovudsamlinga for fellesarbeidet på Forsamlingshuset, for forkynning og fellesskap. Vår sokneprest Gunnar Frøyland har vore prest på dei fleste gudstenestene. Gudstenesta er ein viktig møteplass og målet er at gudstenestene skal fungere som ein inngangsport til fellesskapet på Forsamlingshuset.

Gudstenestene er varierte med bruk av mange sansar, via bilete og film på projektor, variert musikk, kreativ gruppe, drama og mykje meir. Det er umulig å nemne alle som står på, men vi vil få rette ein hjartelig takk til kvar enkelt som har vore med gjennom dei enkelte tenestegruppene!

Søndagsskulen gir barna eit fellesskap med både trusopplæring og aktiviteter. Søndagsskulen er òg ei viktig arena for leiaropplæring for unge leiarar. Meir om søndagsskulen i eiga årsmelding.

Gudstenestestatistikk for 2010-2014*

* statistikken er justert og gjeld forordna gudstenester på Lye Forsamlingshus, for lettare å kunne samanlikna frå år til år (forsamlingsweekend og «Me syng jula inn» er då ikkje medrekna).

	Gudst	Personar	Snitt	Nattverd-gudst	Nattverd-gjester	Snitt	Dåps-gudst	Dåps-barn	Kol-lektar	Beløp	Snitt
2010	21	2888	138	10	874	87					
2011	21	2980	142	10	824	82	4	4			
2012	21	2689	128	11	1087	99	0	0	18	kr 74 187	kr 4 122
2013	21	2653	126	12	1096	91	6	7	19	kr 86 200	kr 4 537
2014	20	2759	138	11	1177	107	1	2	18	kr 91 841	kr 5 102

Statistikken frå år til år er vanskeleg å tyda. Talet på dåp, konfirmantar og trusopplæringstiltak spelar inn. Likevel er det verdt å merke seg at ein det siste året har hatt ein liten framgang i oppmøtet mot nedgang dei to åra før, og ein kan registrere at fleire nye har begynt å koma på gudstenestene. Dette er kjekt og gledelig, og viser kanskje at ei positiv utvikling er på veg.

Tenestegrupper

Forsamlingsstyret gler seg over alle som har deltatt i tenestegrupper og fått tent i samsvar med nådegåvene sine. Forsamlingsstyret gler seg og over at fleire av tenestegruppene har ein leiar som har ansvar for at tenestegruppa både har eit åndeleg og eit praktisk fellesskap.

Det er starta opp eit nytt tilbod for barn i år: Lye Blå Kors speidarar. Speidargruppa starta opp på hausten, og har allereie 36 gutar i alderen 2.-4 klasse, samt 8 leiarar!

Tenestegrupper som er i funksjon, med leiar:

Tenestegrupper (alfabetisk)	Leiar
Barnegospel (5 år – 3. klasse)	Ragnhild Hansen
Barnekoret Agape 4.-7.klasse	Magnhild Sørлие
Bokskap/mediatek	Torill Sandsmark
Bønnegruppe 2	Annbjørگ Bjelland
Bønneteneste (bønnegruppe 1 + bønn før gudst.)	Vigdis Frøyland
Diakoniteneste	Annbjørگ Bjelland
Dørteneste under gudstenesta (inkl bollebaker- og kjøkkenteneste-lister)	Ingjerd Finnbakk
Fredagskvelden (ungdomsarbeid)	Helge Ask
Husfellesskapsgrupper	Hildegunn Undheim
ltte skuletid (ungdomsarbeid)	Anne Grete Apeland

JuniorKro (5.- 7. kl.)	Sigurd Idland
Kreativ gruppe	Brit Ege Årsland
Lovsongsband for ungdom	Helge Ask
Lydgruppe	Asbjørn Aarsland (leiar). Ole Hauge (tekn. ansv.)
Lye Blå Kors speidarar	Trygve Netland
Lykkeliten Open Barnehage	Marianne Hauge
Mannsgruppa Moskus	Stein Magne Paulsen, Tor Magne Fjetland
Nattverdansvarlig gudstenester	Arne Heggheim
Praktisk tenestegruppe for huset	Trond Heskestad
Praktisk tenestegruppe for reinhald	Solveig Heggheim
Programansvarlig gudstenester	Gunnar Frøyland
Projektorgruppe	Eirik-Asle Pettersen
Songtenesta	Ragnhild Hanssen
Strikkekafé	Lillian Hjørnevik
Søndagsskulen	Sigurd Idland
Ungdomsbibelgrupper	Helge Ask
Vaskeliste (vask av fellesareal)	Jone Ueland
Økonomigruppe	Eivind Stene
Web-redaksjonen	Dag Henrik Fosse

Andre arrangement i 2014

- **Kjøkkeninnsviingsfest:** Laurdag 25. januar var 120 fesstemte vaksne klare for innviingsfest for det nye kjøkkenet på forsamlingshuset. Menyen bestod av velsmakande tapas spesiallaga på det nye kjøkkenet, og marsipankaker. Kvartetten BØLL (Sveinung og Aase Bøe, Åse Norma og Øvyvind Lunden), som tidligare budde på Lye, deltok med song og vitnesbyrd, medan søstrene Muslandsvåg (Olaug E. F. Nedrebø og Liv Kvæstad) stod for underhaldninga.
- **Familiekurs:** Familiekurset «Er du glad i meg?» ble gjennomført 11. og 15. mars med til saman 44 fornøgde deltakarar. Kurset bestod av ein foreldrekveld og eit familieverkstad, og kurshaldarar var Mia og Ivar Holta frå Ålgård. Fokus var på korleis familiemedlem kan uttrykke og vise at ein er glad i kvarandre, og dette vart veldig godt mottatt blant deltakarane.
- **Konfirmantfest:** Forsamlingsstyret hadde ansvar for konfirmantfesten 30. mars i samarbeid med Time sokneråd.
- **Speidar:** Lye Blå Kors speidarar blei starta opp på hausten med 36 spente gutar i alderen 7-9 år, og åtte leiarar. Hovudleier er Trygve Netland. Speidargruppa var eit resultat av ein førespurnad frå Sigurd Idland om det var behov for eit tilbod for aldersgruppa 2.-4. klasse, og eit ønske frå Maria og Trygve Netland om å starte opp speidararbeid på Lye.
- **25-års-jubileum:** Lye forsamlingshus feira 25-årsjubileum i slutten av september, med jubileumsfest for vaksne laurdag 27. september og jubileumsgudsteneste 28. september. Jubileumsfesten baud på god mat og historiske tilbakeblikk, medan jubileumsgudstenesta fokuserte på dei banda som bind forsamlinga saman. Etter gudstenesta var det jubileumstivoli med aktivitetar for store og små.
- **Forsamlingsweekend:** 14.-16. november reiste 64 store og små deltakarar til Tonstadli på forsamlingsweekend. Tema var FELLESSKAP med Gud, i familien, i forsamlinga og med naboen. Familiesamlingar, deleveldar, aktivitetar, god mat og gudsteneste sto på programmet, og helga skapte ei heil spesiell openheit blant deltakarane som mange sette stor pris på.

- **GLS:** 15 deltakarar frå Lye deltok på Global Leadership Summit 24.-25. oktober i Sandnes. Dette er eit leiarseminar i regi av Willow Creek Noreg, og styret er glad for alle som deltok på dette.
- **Julespel:** Julespelet «Jul på Lye» blei framført i aulaen på Lye skule for andre år på rad 1. søndag i advent. Ca 70 frivillige var med som skodespelarar, dansarar, teknikarar, musikar, vaksenleiarar og songarar (Barnegospel og Agape). To førestillingar søndagen hadde til saman rundt 300 tilskodarar, og ein førestilling måndag morgon hadde heile barneskulen som publikum. Manus og regi var ved Sigurd Idland, og Ragnhild Hanssen hadde skrive fire av songane.
- **Me syng jula inn:** Tre dagar før jul vart det arrangert «Me syng jula inn» for heile forsamlinga med mange av dei kjære julesongane. Musikarar og songarar i ulike aldrar bidrog, og over 130 møtte fram til ei flott førjulssamling.

Andre viktige saker i 2014

Viktige saker som styret har arbeidd med er lista opp punktvis:

- **Ny ungdomsarbeidar:** Då Mariann Espeland takka nei til tilbodet om å forlengja sitt engasjement som ungdomsarbeidar, vart Helga Ask tilsett som ny ungdomsarbeidar for skuleåret 2014/15.
- **Daglig leiar/forsamlingsutviklar:** Sigurd Idland gjekk opp til 100 % stilling frå 1. august, og då blei arbeidsinstruksen hans utvida til daglig leiar og forsamlingsutviklar.
- **Planar om å utvida forsamlingshuset:** Forsamlingsstyret og husstyret har drøfta om tida er inne for å tenkja på utviding av forsamlingshuset, hovudsaklig til gudstenestebruk. I første omgang spør husstyret alle eigarorganisasjonane om tomte kan nyttast til utviding, og forsamlingsstyret gjennomfører ei spørjeundersøking om kva folk i forsamlinga tenkjer om utviding.
- **Strategi for å nå dei nye felta på toppen på Lye:** Forsamlingsstyret har drøfta kva ein kan gjera for å nå dei nye som flytter inn i dei nye bustadfelta på toppen av Lye, og vil prøva å iverksetja tiltak for dette i 2015.
- **Leiaroppfølging:** Styremedlemmene i forsamlingsstyret har ansvar for kvar sine tenestegrupper, som dei held kontakt med gjennom året. Dette er viktig for å følgje opp leiarane og ha kontakt med arbeidet på grasrota. Ein har ikkje hatt eigne leiarsamlingar for leiarar dette året.
- **Økonomi:** Økonomien er framleis god, og me fekk eit greitt overskot for rekneskapsåret 2014. Givartenesta nådde ikkje budsjettmåla, men vaks likevel samanlikna med 2013. Forsamlingsstyret er svært takknemlige for alle dei som er med og bidrar med til dels store beløp. Sidan Sigurd gjekk opp i 100% stilling frå august 2014, ser me at lønnsutgiftene vil auka ein del i 2015 samanlikna med 2014. Det kan vera snakk om rundt 200.000 kroner meir enn i fjor. Dette kan bli krevjande for oss, så me håpar at endå fleire kan vera med å bidra i denne tenesta i 2015.

Valkomité

Valkomiteen har sidan førre årsmøte vore Esperanza Idland (leiar, vald i 2012) Solveig H. Hetland (vald i 2013) og Willy Finnbakk (vald i 2014).

Arne Heggheim
Leiar Lye forsamlingsstyre

Knut Jarle Hjørnevik
Kasserar

Eivind Stene
Nestleiar

Sigurd Idland
Sekretær

Olaug Bjelland
Styremedlem

Gunnar Frøyland
Prest

Vedlegg:

- Årsmelding frå Bønnegruppene
- Årsmelding frå Diakonigruppa
- Årsmelding frå Lye Barnegospel
- Årsmelding frå Agape
- Årsmelding frå Lye Søndagsskule
- Årsmelding frå Lye Blå Kors speidarar
- Årsmelding frå JuniorKro
- Årsmelding frå Ungdomsarbeidet
- Årsmelding frå Lykkeliten
- Årsmelding frå Trusopplæringa i Time

Årsmelding fra Bønnegruppene

"Det er godt være stille for Herren, og vente på Ham....."

Derfor er det bønnegrupper på Lye. Vi samles i hjemmene, den ene gruppa, som har 7 medlemmer, ukentlig, og den andre gruppa, som har 5 medlemmer, annenhver uke. Nye medlemmer er hjertelig velkomne.

Tidlig på nyåret, og om høsten har vi felles samling, der vi bl.a. planlegger bønnemøtene før hver gudstjeneste. Disse bønnemøtene starter kl 09.55 og er åpne for alle.

Det er mange mennesker på Lye, som ber.... i tillegg til disse som er nevnt.

Vigdis Frøyland

Årsmelding fra Diakonigruppa

Diakonigruppa har hatt seks møter i 2014. I tillegg har vi deltatt på møte med forsamlingsstyret. Vi var også representert på samling for diakoniutvalg i Jæren prosti.

12. oktober hadde vi ei inspirasjonssamling om diakoni for alle i menigheten.

Vi har satt opp postkasse på gangen på forsamlingshuset der en kan legge inn ønske om hjelp eller forbønn. Det er også en bønne-postkasse på heimesida til Lye forsamlingshus, under diakonigruppa.

Jubilantbesøk: Ved 80- og 90-års dager på Lye.

Strikkekafe: Har hatt seks samlinger i 2014, tre på våren og tre i haust. Har vært godt frammøte, i gjennomsnitt 20 stk. Det er 77 som liker facebook-sida.

Moskus: Har hatt ni samlinger.

De som er med i diakonigruppa er: Brit Ege Aarsland, Tor Magne Fjetland, Kristine Grødem, Lillian Hjørnevik, Esperanza Idland, Stein Magne Paulsen og Annbjørg Bjelland.

Annbjørg Bjelland

Årsmelding Lye Barnegospel 2014

Koret har hatt et flott år med mange nye medlemmer. Vi var 23 betalende medlemmer på våren og 28 betalende medlemmer på høstsemesteret.

Det er en god gjeng med mye liv og røre. Ragnhild Hansen har vært dirigent for gjengen med god hjelp av Monika Hisken og Morten Slettebø.

Vi hadde flere opptredener på våren hvor vi blant annet var i Time kyrkja og på gudstjeneste på forsamlingshuset.

På høsten hadde vi sangoppdrag på basaren på forsamlingshuset og på julemesse på Undheim.

Vi deltok også i år på julespelet: Jul på Lye. Det var mange øvinger i forkant men det var stor stas for både små og store da vi fikk fremføre det vi hadde øvet på av sanger. Forestillingene var veldig kjekke.

Alt i alt et veldig kjekt år med flotte unger.

Lye 31.01.15.

Lederne i koret, Ragnhild Hansen, Monika Hisken og Morten Slettebø

Årsmelding AGAPE 2014

Agape er eit barnekor for barn frå 4. til 7. trinn. Me øver annakvar måndag på Lye forsamlingshus frå kl 18 – 19. Me øver inn sanger og repertoar med tydeleg kristent budskap for framføring i gudstenester på Lye forsamlingshus og andre stader ved førespurnad.

Medlemskontingent er 100 kr pr halvår. I 2014 hadde koret 9 betalende medlemmar.

På våren hadde me 9 øvingar og opptreden på gudstjeneste i Time kyrkje og på Lye forsamlingshus. På hausten hadde me 9 øvingar og opptreden på gudstjeneste i Time kyrkje og Lye forsamlingshus, basar på Lye forsamlingshus og me deltok på julespelet Jul på Lye den 1. søndag i advent.

Dette er ein kjekk gjeng med store barn som likar å syngje og spre evangeliet om Jesus. Dei er motiverte og bevisste og inspirerer oss leiarar.

Time 23.2.2015

Magnhild Sørli
Leiar

Kari E. Stokka
Leiar

Årsmelding 2014 for Lye Søndagsskule

Innleiing

Lye Søndagsskule har som visjon:

«Vi ønskjer at barna på Lye skal bli betre kjent med Jesus Kristus!»

Dette er målsetjingane våre:

- Barn i alle aldrar skal elska å gå på søndagsskulen
- Barna på søndagsskulen skal bli glade i Jesus og i å følgja han
- Oppmøtet på søndagsskulen skal bli endå større
- Søndagsskulen skal rekruttera og følgja opp unge leiarar
- Lyefjell søndagsskule skal vera blant Norges beste søndagsskular!!



Statistikk

Nedanfor kan ein sjå utviklinga over oppmøtet for dei tre siste åra:

	Samlingar	Totalt oppmøte	Gjennomsnitt	Har vore innom	Betalende medlem
2012	15	608	40,5	108	67
2013	19	709	37,3	99	60
2014	18	672	37,3	100	56

Søndagsskulesamlingane har dei siste tre åra hatt noko ulikt preg:

	Vanlig søndagsskule	BIBELSPRELL-søndagsskule	Film / forenkla søndagsskule	Gudsteneste for store og små
2012	15	0	0	6
2013	8	3	1	7
2014	6	6	3	3

Organisering

Dei 18 samlingane i 2014 har altså hatt desse hovudtypane:

- Vanleg søndagsskule er eigne søndagsskulesamlingar parallelt med gudstenestene, der ungane går til søndagsskulen omkring ein halv time inn i gudstenesta. Den første halvtimen på gudstenesta inneheld ofte ein introduksjon til søndagsskulen sitt tema, med song og gjerne eit innslag som vekker interessa. Deretter går ungane til sine grupper. Søndagsskulen har vore delt inn i tre aldersgrupper: Rød gruppe (0-5 år), Blå/Grøn gruppe (1.-4. klasse) og AlfaKrøll (5.-7. klasse). AlfaKrøll har hatt eigen samling, medan dei andre gruppene ofte har hatt andaktstunda saman, og så delt seg under lek og aktivitetar.
- BIBELSPRELL-søndagsskule er tredelt:
 - 10:30-11:00 Felles på gudsteneste, med eigen barneforkynning gjennom drama og barneandakt og tilpassa songar.
 - 11:00-11:15 Samtalegrupper etter alder, faste grupper og med fast vaksenleiar, for at alle skal bli sett, få setja ord på trua og livet, og be saman.
 - 11:15-12:00 Aktivitetsgrupper, 4-5 ulike grupper å velje mellom, på tvers av alder.
- Film/forenkla søndagsskule har vore brukt i feriar og rett etter feriar. Her har ein hatt ei todelt gruppeinndeling, og vist ulike gode filmar for barn. I blant har ein etterfølgd dette med lek og aktivitet.
- Gudsteneste for store og små er når ungar og vaksne er saman under heile gudstenesta. Songar, preik, drama, lek og anna innhald har vore retta mot å gi noko til alle aldersgrupper.

Me har heller ikkje dette året hatt abonnement på opplegget Sprell Levande frå Søndagsskolen Norge eller søndagsskulebladet BARNAS. Me lagar ein del av opplegget sjølv, og har mykje opplegg liggjande frå tidligare år. Med mange unge frivillige leiarar har me erfart at det er lettare å engasjera dei når dei får vera med å laga opplegget sjølv. Papegøyen har dessutan vore flittig brukt.

Mot slutten av 2014 valde me ut fire songar som me ønskjer skal brukast på gudstenestene i den tida ungane er inne:

1. Jeg hopper høyt
2. Jeg vil gå, ut og gå
3. Sammen med Gud
4. Jesus det er du som gjør meg glad

AlfaKrøll

I AlfaKrøll har det vore fokus på bønn, bibel, samtale og aktivitet. Anne Gunn Vassbø har hatt hovudansvaret her. Det har vore rundt 10-12 ungar i denne aldersgruppa kvar gong, nokre gonger fleire og nokre gonger færre.

Registrering

Ungane på søndagsskulen får kvart sitt oppmøtekort med nøkkelband når dei kjem. På oppmøtekortet får dei eit klister for kvar gong, med valfri premie kvar femte gong frå ein premiepott.

Ungar frå 7. trinn er med i registreringa og deler ut nøkkelband og kort, og dei utgjør to-tre team som rullerar på å ha ansvar. Dette er god leiartrening, og me håpar dei blir med som leiarar i søndagsskulen frå 8. klasse. Denne registreringa fungerer godt, og me ser at det er viktig at ungene blir møtt og sett og nemnd med namn, og det er kjekt med premie!

Rom-situasjonen

Sidan det er mange ungar i ulike aldrar, er det bruk for mange grupperom. Situasjonen i dag er ikkje heilt tilfredsstillande for søndagsskulen sine behov. I tillegg til barnehagen nede, brukar ein i blant toalettgangen i barnehagen, gangen utanfor barnehagen, gangen mellom barnehagen og neste gang, gangen nede i kjellaren, kontoret oppe, gangen oppe og ungdomsloftet som grupperom. Søndagsskulen har òg lenge ønska å ha eit fast rom der inventaret kan stå fast.

Leiartrening

I tillegg til å tena ungene i søndagsskulen, driv søndagsskulen viktig leiartrening! Derfor satsar me fortsatt på å ha med mange unge leiarar frå og med åttande klasse. I 2014 har det gjennom året vore med totalt 12 ungdomsleiarar, i tillegg til ganske mange 7.-klassingar til registreringa. Det er godt for oss leiarar å dela på oppgåvene, og det er godt for barna å møte trygge fang og gode auga som ser dei og som nemner barnas namn. Leiarane får prøva seg i ulike roller og barn og leiar vert kjende. Søndagsskulesamlingane vert planlagde og evaluerte på teamsamlingar og over e-post og Facebook.

Andre aktivitetar

- 17. februar arrangerte me søndagsskulebasar med åretrekning, hovudtrekning og sal av mat. Jorunn Pettersen hadde andakt, ungdommar var me og hadde drama, og Lye Barnegospel song. Anne Gunn Vassbø hadde hovudansvaret for basaren, og mange andre var og med og hjelpte til. Nettoresultatet blei på over 31 000 kr! Av dette overskotet bestemte styret at:
 - 10 % skal gå til misjonsprosjektet
 - 5 000 kr til Husstyret
 - 10 000 kr til forsamlingsstyret
 - Mykje av resten skal brukast på leiartrening
- 30. mars gjennomførte me årsmøte i etterkant av ei gudsteneste. Ca 15 små og store var til stades, og det blei ein fin samtale og evaluering av søndagsskulen.
- 13. april (palmesøndag) var fleire av ungdomsleiarane med på å framføre eit mini-påskespel på gudstenesta.
- 23. mai kombinerte me sommaravslutning for ungdomsleiarane med prøvesmaking på det å vere søndagsskuleleiar for 6.-7. klassingar. Fire-fem av søndagsskuleleiarane var med, og omkring seks 6.-7. klassingar.
- 12.-14. september var det styre-weekend for alle ungdomsstyrene på Stavgårn Misjonssenter. Ungdomsarbeidar Helge Ask hadde hovudansvar og fleire av ungdomsleiarane frå søndagsskulen var med på helga. Programmet bestod av teambuilding, møter med lovsong og taler, ord for dagen og mykje kveldskos og underhaldning.
- 18. desember hadde me juleavslutning for ungdomsleiarane med peparkakehusbyggingskonkurranse og leiker heime hos Sigurd Idland. Ein veldig koselig og saman-spleisande kveld, der åtte av ungdomsleiarane deltok!

Leiarar

- Desse sat i styret etter årsmøtet i 2014: Sigurd Idland (leiar), Anne Gunn Dovland Vassbø, Liv Heidrun Heskestad, Jorunn Pettersen.

- Andre vaksenleiarar som har vore med: Miriam Lende Risa, Margaret Harestad, Esperanza Idland, Anna Bergitte Skårland
- I tillegg var også desse med som leiarar i samtalegrupper under BIBELSPRELL-søndagsskule: Hildegunn Undheim, Alf Endre Stokka, Jonas Lye Scheie, Solveig Heggheim, Kristine Grødem, Ingjerd finnbakk, Margunn Salmelid.
- Ungdomsleiarar har vore: Solveig Pettersen, Stina Pettersen, Ida Terese Ueland, Janne Birgitte Ueland, Sverre Frantzen, Kristoffer Harestad, Tomas Salmelid, Renate Salmelid, Joakim Salmelid, Tobias Vassbø, Geir Atle Apeland og Lina Hafver.
- Desse har vore med ved registreringsbordet: Ailina Gaaren, Hanna Sandsmark, Maria Herigstad, Maren Horvath, Øyvind Hjørnevik, Torjus Bjelland, Tobias Sikveland, Elias V. Kristiansen, Andreas Harestad, Simon Pettersen, Tobias Vassbø, Kristoffer Vassbø, Diana Cekisova, Amalie Stokka, Gina Sørлие, Thea Helliesen og Synnøve Skårland.

Takk!

Me ønskjer å takka alle desse som på ulikt vis har vore med og gjort ein innsats i søndagsskulen! Takk til alle dei unike og flotte leiarane for fantastisk innsats gjennom heile året eller deler av året. Mange takk òg til revisoren.

Og takk til Gud som ga oss denne tenesta!

*19/2-2015, Sigurd Idland
for Lye Søndagsskule*

Årsmelding for Lye Blå Kors speidarar 2014

Bakgrunn og oppstart:

Våren 2014 etterspurde administrativ medarbeidar på Lye forsamlingshus, Sigurd Idland, om det var interesse i forsamlinga for å starte opp eit barnetilbod for 2.-4. klasse. Trygve Netland tok kontakt, og hadde tankar om å starte opp eit speidartilbod. Etter eit møte med interesserte foreldre 11. juni 2014 vart det vedtatt å prøve å starte opp ei speidargruppe for 20 gutar i 2.-4. klasse frå hausten 2014.

Allereie 16. juni vart Lye Blå Kors speidarar konstituert på eit styremøte i Bergvegen 2 hos Trygve og Maria Netland. Ein knytte seg til Lye Forsamlingshus, Blå Kors Norge og Norsk Speidarforbund.

Eit styre på fem vart nedsett:

- Leiar: Trygve Netland
- Sekretær: Sigurd Idland
- Kasserar: Maria Netland
- Styremedlem: Per Magne Lende og Gunnar Undheim

Hausten 2014:

Lye Blå Kors speidarar hadde første speidarsamling 1. september 2014. Tanken var altså å starte opp éi gruppe med 20 gutar i alderen 2.-4. klasse. Denne kapasiteten blei straks sprengt, og snart vart det to grupper med til saman 36 gutar, ei gruppe for 2. klasse (Beverar), og ei gruppe for 3.-4. klasse (Småspeidarar). Måndag vart vald som samlingsdag, og kvar gruppe samlast annakvar måndag i 90 minuttar.

I tillegg til styret har det kome med tre fleire leiarar: Janne Stensland, Morten Sørлие og Frank Bjørkhaug.

Kvar gruppe hadde 6 speidarsamlingar denne hausten, i tillegg til ein felles overnattingstur til Vier på Hommersåk.

Tema/aktiviteter som ein har vore innom er bl.a.:

- Kanopadling
- Fisking

- Knivbruk
- Fjelltur
- Aktivitetsløype
- Popkorn på bål-panne
- Fuglemat
- Refleksbruk
- Førstehjelp
- Knutar
- Kart og kompas

Innkjøp og planar:

Me har kjøpt inn litt speidarustyr som bål-panne, speidarknivar og speidarskerf, samt speidarskjorter til leiarane.

Til speidaraktivitetane er det bruk for eit eigna uteområde og nokre «speidarbygningar», som grillgytte og gapahuk. Me har funne eit godt eigna område i nærleiken av Lye forsamlingshus, som me har kalla «Speidarskogen». Her har vore vår faste samlingsplass. Etter kvart har me planar om å tilpasse området endå meir og setje opp ei grillhytte og ein gapahuk. Vi er i kontakt med kommunen angående dette. Vi har og fått løfte om 25 000 kr frå SR-Bank-stiftinga til ei grillhytte.

*Maria Netland, kasserar
Sigurd Idland, sekretær*

*Styret for Lye Blå Kors speidarar:
Trygve Netland, hovudleiar
Per Magne Lende, styremedlem
Gunnar Undheim, styremedlem*

Årsmelding JuniorKro 2014

JuniorKro er eit tilbod for born i 5., 6. og 7. klasse, som samlast annankvar fredag. Innhaldet i kveldane er andakt, song, spel, konkurransar, kiosk og ulike aktivitetar.

Leiarar:

Hovudleiar er Sigurd Idland. Sæbjørn Sandsmark og Sigbjørn Sandsmark er med-leiarar. Ungdomsstyret består av:

- Thorvald Sandsmark
- Andreas Fosse Hansen
- Ola Sæbø (fram til våren 2014)
- Geir Atle Apeland
- Julie S. Fotland



Datoar:	Program:
17. januar	Leiker og konkurransar
31. januar	Aktivitetsgrupper
14. februar	Bowling
14. mars	Leiker/Opent hus
28. mars	Klatring
25. april	Kongeparkkveld
9. mai	Aktivitetsgrupper
23. mai	Sporleik

Oppmøte:

Det var 8 samlingar på våren og 7 på hausten. Oppmøtet varierte mellom 6 og 24 deltakarar, med eit snitt på 9 på våren og nesten 17 på hausten. Totalt var 19 ulike personar innom på våren, og heile 45 ulike personar på hausten. Det var 19 betalende medlemmer frå hausten 2014.

	Samlingar	Oppmøte			Ulike pers.	Totalt	Betalende medlem
		Minst	Størst	Snitt			
Hausten 2013	6	7	21	12	27	72	17
Våren 2014	8	6	14	9,1	19	73	
Hausten 2014	7	6	24	16,6	45	116	19



Program:

Samlingane har hatt ulikt program, sjå semesterplanane til høgre. Styret bidrar med gode og konstruktive idear, og er og ansvarleg for gjennomføringa av aktiviteter og vitnesbyrd. Styret har regelmessige styremøter saman med Sigurd Idland. Det ligg god leiartrening i dette! Sigurd Idland har hatt ein del av andaktane, og i tillegg har desse vore innom og hatt andakt: Helge Ask, Geir Tore Salmelid, Trond Heskestad og Liv Heidrun Heskestad. Fast møtesong har vore «Lean on me» (våren) og «To hender» (hausten).

Datoar:	Program:
29. august	Opningsfest ☺ m/grilling (ta m/grillmat/uteklede!)
12. september	Aktivitetsgrupper
26. september	Filmkveld
24. oktober	Aktivitetsgrupper
7. november	Leikar og konkurransar
21. november	Aktivitetsgrupper
5. desember	Juleavslutning ☺

Sigurd Idland

Årsmelding for Ungdomsarbeidet på Lye 2014

«Fredagskvelden» har hatt 22 samlinger i løpet av våren og 40 samlinger i løpet av høsten 2014. Antallet på oppmøtet har økt i løpet av året og ligger på rundt 40 stk. i gjennomsnitt. Betalende medlemmer er 64 stk.

Styremedlemmer i 2014: Kristoffer Harestad, Christian Penny Melgård, Tom Carlos Slettebø, Anne Grete Apeland og Julie Fotland.

Høsten 2014 overtok Helge Ask som Ungdomsarbeider ved Lye forsamlingshus med en stilling på 50 % etter Mariann Espeland.

Styrets tanker om året

Det har vært et bra år med mye åndelig vekst. Noen har sluttet å gå aktivt på fredagskvelden, sannsynligvis pga. det åndelige fokuset. På andre siden har også flere andre begynt å gå aktivt på fredagskvelden. Spørsmålet er da hvordan holde på de som er og få tilbake de som har sluttet? Vi må også bli bedre til å ta kontakt med de som er nye, eller som vi ikke snakker med så ofte. De konkluderer med at det har vært et bra år med noen utfordringer. De ulike gruppene ble beskrevet på rapporten.

Styrevalg

Anne Grete går mest sannsynligvis ut og kanskje Julie. Blir evt. styrevalg i slutten av skoleåret.

Generelt

Året har vært spennende. Våren 2014 ble ungdomsloftet pusset opp, en stor takk til Mariann og Kristoffer Espeland som fikk til dette og en stor takk til andre som hjalp til med oppussingen. Høsten 2014 ble det en liten utskifting av lovsangsteamet pga. jobb og skole, men vi har fått til et fullt team igjen som er på god vei og blir bedre og bedre. Helt i slutten av Januar 2015 fikk vi en egen logo til Fredagskvelden som Janne Birgitte Ueland laga. Vi skal prøve å integrere den enda mer inn i systemet slik at det blir Fredagskveldens kjennemerke. Takk til Janne Birgitte for det.

Andre arrangement

- «Itte skuletid»
Itteskuletid er fortsatt oppe og kjører. Det pleier å være rundt 5-8 personer per Itteskuletid. Vi synes det er bra og dette tilbudet er glimrende for å få ungdommene med på forsamlingshuset på en mer hverdagslig måte. Før varte samlingene fra kl 4 til 8-9 tida og ungdommene lagde middag sammen. Vi har endret dette til å begynne fra klokken 5 og utover. I tillegg lager ikke ungdommene middag lenger på grunn av tidspunktet samlingene begynner.

- **Skiweekend 2014**
Vi arrangerte skiweekend 23. - 25. januar. Det var en vellykket tur med mye kos, god mat, andakter og ord for dagen og ski-kos. Vi var 53 stk. inkludert ledere.
- **Styreweekend**
Vi arrangerte styreweekend 12. - 14. september. Det var for alle styremedlemmer til Fredagskvelden, Søndagsskolen, Junior Kro og Krik Lye. Den bestod av teambuilding, møter med lovsang og taler, ord for dagen og mye kveldskos og underholdning.
- **Dekkskiftedag**
Vi arrangerte to dekkskiftedager i slutten av høst. Første gang kom det kun en bil og derfor bestemte vi for å ta en dag til en uke etter. Det kom kun tre biler til sammen, men det var tross alt tre biler som fikk hjelp.
- **UanZ**
22. - 23. november reiste vi på Fredagskvelden på UanZ-konferansen i Frøyland-Orstad kirken. Vi var totalt 17 personer som reiste bort. Det var en veldig bra helg med mye påfyll og vekst. Utrolig bra opplegg.
- **Nyttårsfest**
Nyttårsfesten var en storsuksess. Vi hadde god middag og dessert fra Ognatun. Kvelden bestod av herrenes og damenes taler, lovsang, andakt, underholdning og leker, oppskyting av raketter og mye humor og sprell. Vi var til sammen 43 stk.
- **Bibelgrupper**
Bibelgruppene går fortsatt bra. Vi har to bibelgrupper, en for VGS og en for ungdomsskole. Det er relativt bra oppmøte og der verkar som om ungdommene er nógde med bibelgruppene.

Ungdomsarbeiders tanker om året

Jeg opplever at det er en god og flott ungdomsgjeng jeg jobber med. Det er litt varierende innsats og bindingsgrad hos ungdommene, men det ser jeg på som helt naturlig. Spennende å se at mange utvikler seg åndelig og lar livet sitt bli forandret av Jesus, selv om det hos noen ikke faller helt i smak. Det er krevende å være ungdomsarbeider, mye å holde styre på. Samtidig er det veldig lærerikt og jeg får mange gode erfaringer som jeg vil få bruk for senere i livet.

Takk

Takk til alle som bidrar på Fredagskvelden med ulikt. Takk til ungdommene som står på, spesielt styret. Takk til dere foreldre som hjelper til og takk til Gunnar og Sigurd som leder menigheten.

Helge Ask, ungdomsarbeider

Årsmelding for Lykkeliten 2014

Lykkeliten held til i lokala til Lyefjell forsamlingshus. Det er eit tilbod til barn og foreldre som går heime på dagtid og ønskjer ein sosial treffplass. Tilbodet blir drevet på frivillig basis av foreldra sjølv ved at 8 stk. rullerer på å ha ansvar for opning/lukking, rydding/vasking og evt.opplegg. I tillegg til dette er det eit frivillig styre på 4stk.som har det overordna ansvaret for drifta av Lykkeliten.

Lykkeliten føl skuleruta og har opent nesten kvar onsdag frå kl. 9.30-13.00.

Det er fleire foreldre som arbeider skift eller deltidstilling som vel å være med på Lykkeliten samlingane. I 2014 har me hatt opent 34 onsdagar, og det har gjennomsnittleg vore 8 vaksne kvar gong. 4stk vaksne er det minste som har møtt opp og 13 stk.vaksne er det meste som har møtt opp på ein og same dag. 10 gonger har det vore mellom 10-13 vaksne innom. Antal barn har variert frå 6 stk. til 18 stk. Gjennomsnittleg 12 stk.pr.onsdag.

Opplegget på Lykkeliten er relativt likt frå gong til gong. Det er alltid ei songsamling kvar gong. Etter samlinga et me medbrakt nistepakke ilag. Då samlast me rundt eit langbord inni den store salen på forsamlingshuset. Gleda er stor kvar gong me opplever at me må lage bordet lengre for å få plass til alle. Per Olav Egeland, organist i Time, kjem og har musikkksamling med oss anna kvar veke, dette set me stor pris på både barn og vaksne! Ein gang i halvåret får me besøk frå andre på Kyrkjekontoret som har samling med oss. Elles har me hatt Karneval og «Hallo venn» arrangement, laga fastelavnsris, sådd karse, gått på skattejakt etter påskeegg, gått i 17.mai toget til Lyefjell med eiga Lykkeliten fane, hatt nissefest og juleaktiviteter.

Me må også få nemne at me har eit veldig godt samarbeid med forsamlingshuset som låner oss lokala sine og Sporvungane barnehage som gjev oss lov til å bruke deira uteområdet etter maten viss me vil.

Me tar 10kr i betaling kvar gang, 30 kr. dersom det blir servert mat. Ein onsdag kvar månad har me bursdagssamling for dei barna som har bursdag den månaden. Dette blir feira med eiga bursdagsamling, samt felles varm mat. Fastelavnen, påske, advent og liknande blir også

ofte markert med ei lita fest samling med ekstra kjekt program og mat. I løpet av 2014 har me fått inn 4860 kr. Når me trekker vekk årets utgifter sit me igjen med eit overskot på 39 kr.

Eit av måla for 2014 var å få ut informasjonen til nye folk på Lye og omeng om Lykkeliten tilbodet. Dette har me kome i mål med takket være god hjelp av Sigurd Idland og frivillige medarbeidarar. Sigurd hjalp oss med å få trykkt opp nye flygeblad med informasjon om Lykkeliten og frivillige på Lykkeliten levert dei ut i postkassene på Lyefjell og deler av bygda. Innkjøp av nye leiker og leiker for eldre barn stod også på ønskelista for år 2014. Det har me også lukkast med å kome i gang med sidan me var så heldige at me fekk økonomisk støtte frå Lyefjell forsamlingsstyre. Sigurd Idland har hjulpet Lykkeliten med å opprette ein eigen konto i Time Sparebank. Det har vore til veldig god hjelp for oss!

Leiker og hobbymaterial vil nok stadig stå på innkjøpslista både på grunn av slitasje og ulike alder/kjønn på barna. Men me fekk fornya og oppgradert leikekassane ein god del før jul.

Me ser at det er eit stort behov for å drive Lykkeliten, det er ein arena for folk til å treffe andre, enten ein er nyinnflytta eller har budd her i alle år. Nye vennskap veks til blant både barn og vaksne.

For Lykkeliten

-Marianne Hauge-



LYKKELITEN

eit fellesskap for små og store på Lye

Vedlegg 1: Visjon og verdier

" 2: Regnskap

" 3: Plan for våren 2015

Trusopplæringa i Bryne, Time og Undheim – Årsmelding 2014

Dåpen forpliktar oss til opplæring. Trusopplæringa skal vera eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå. Vi har sidan oppstarten i august 2004 bygd opp nokre robuste fasetiltak for aldersgruppa 0-12 år. Frå 10.07.2013 gjekk trusopplæringa endeleg over i siste fasen, til ordinær drift, då heile Jæren prosti blei innfasa i trusopplæringa.

Oversyn over fasetiltaka:

Alder	Tiltak	Anna
2 år	Undretur Hausttakkegudst.	1 samling Utdeling av CD.
4 år	Barnebibel	1 gudsteneste
4 år	Adventsklubb	1 - 3 samlingar
1. kl	Dåpsskule	4 saml. + dåpsskulehelg
2. kl	Pinsefart	3 saml. ettermiddagstid
3.kl	Tårnagenthelg	Lørdag 5 timer + gudst. søndag
5.kl	Lys vaken	Overnatting og samling. 5 saml + gudsteneste
7.kl	Newbie	1 samling
9. kl	Konfirmasjon	Totalt 60 timar.
10. kl	KonfReunion, Bryne	1 samling
13-18 år	U21, Undheim	14 samvær
13-18 år	Påskennatt	1 gudsteneste

På ungdomsfasane har vi mykje ugjort. 22-23. november blei ungdomskonferansen UanZ arrangert saman med dei andre kyrkjelydane i prostiet. Denne var mynta på bevisst kristen ungdom frå 15 år og oppover. Denne vart ikkje rekna som eit fasetiltak i trusopplæringa.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

Anna:

- Per Olav Egeland har hatt musikkksamlingar i det foreldrestyrte «Lykkeliten» på Lye forsamlingshus anna kvar onsdag føremiddag. Veldig god respons!

Organisering:

Det har vore ein del endringar i både ressursar og tilsette i 2014. Omlegginga til ordinær drift førte til nedgang i overførte trusopplæringsmidlar til kyrkjelydane våre. Sokneråda gjekk klart inn for at arbeidet innan trusopplæringa ikkje skulle reduserast, og vedtok at dei skulle dekke eit eventuelt underskot. Astrid Wold har vore vikar som trusopplærar (50%) i Time og Undheim frå februar og ut året. Tove Hersdal var trusopplærar (50%) i Bryne heile 2014, men slutta ved nyttår. Siste halvdel var ho også ungdomsarbeidar i Undheim i 50%. Ragnhild Hanssen er tilsett som ny trusopplærar i Time og Undheim frå 01.05.2015.

Trusopplæringa har til saman 1,4 stillingar pr 31.12. 2014 som er dekkja av trusopplæringsmidlar med tilskot frå sokneråda. (Det blir endringar i stillingane frå 01.01.2015):

40% kyrkjelydsutviklar/trusopplærar i Bryne: Bjørn Inge Hauge

30% trusopplærer i Bryne: Tove Hersdal

30% trusopplærer i Time og Undheim: Ragnhild Hanssen f.o.m. 01.05.2015

20% kantor i Bryne ++: Per Olav Egeland

Sokneråda har vedteke at trusopplæringa ikkje skal lida under lågare over overføringar, og har difor gått inn og styrka trusopplæringa med innsamla midlar. Begge trusopplærarstillingane er på 50%, men blir ikkje direkte dekkja av midlar frå trusopplæringa. Ansvar for trusopplæringa ligg hjå kateketen.

2014 var prega av omorganisering, nye vegval, sjukdom og mangel på folk. Bryne var det einaste soknet som var fullt bemanna, på papiret. Her arbeidar også ungdomspastor Johannes Kleppe i full stilling på innsamla midlar. Grunna sjukdom har han heile hausten vore i heil eller delvis sjukemelding. Det har i praksis vore umuleg å få inn vikar, noko som har ført til stort trøkk på andre tilsette. Ikkje minst konfirmantarbeidet.

Vi ser fram til at det er tilsett dyktige folk i alle stillingane, og gler oss til å utvikla trusopplæringa vidare. arbeidet med planskriving var godt i gang, men vi innsåg fort at skulle vi halda hjula i gang, var det anna arbeid som måtte prioriterast. Vi lag då planen til side, og sørgja for at det utadretta arbeidet gjekk sin gang. Vi har fått utsetjing på innlevering av planen med eit halvt år.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra.

12.02.2015
Guds signing.
Ingfrid Time Nærland
